

Saksnr 12/16	Utval Formannskapet	Møtedato 13.04.2016
22/16	Kommunestyret	28.04.2016

FERJESAMBAND STORD - KVINNHERAD - FRAMLEGG OM UTARBEIDING AV REGIONAL PLAN

Framlegg til innstilling:

Stord kommunestyre gjev sin tilslutnad til at Hordaland fylkeskommune startar arbeid med regional plan for ferjesambandet Stord – Kvinnherad slik det går fram av brev frå fylkesordføraren datert 15.02.2016.

Som representantar i den politiske styringsgruppa oppnemner Stord kommune følgjande to personar:

Saksprotokoll i Formannskapet - 13.04.2016

Innstilling:

1. Stord kommunestyre gjev sin tilslutnad til at Hordaland fylkeskommune startar arbeid med regional plan for ferjesambandet Stord – Kvinnherad slik det går fram av brev frå fylkesordføraren datert 15.02.2016.

Som representantar i den politiske styringsgruppa oppnemner Stord kommune følgjande to personar:

2. Kommunestyret vil understreka at Kvernaneset/Buneset og tilgrensande områder framleis er verdifulle LNF-områder, og kommunestyret anser desse som uaktuelle for eit evt. nytt ferjestø.

Handsaming

Tilrådd med 5 mot 4 røyster (H, Frp, Sp og Krf)

Habilitet:

Jakob Belland, Sp stilte spørsmål om eigen habilitet under handsaminga av saka då han eig tomt i Djupavikjo og tredde frå under handsaminga av spørsmålet. Vara var ikkje kalla inn.

Formannskapet handsama spørsmålet og fatta følgjande samrøystes vedtak:
Jakob Bjelland vart samrøystes kjent habil og tok plass att, jf. fvl § 6 andre ledd.

Geir Angeltveit, V kom med framlegg til pkt 2 slik det ligg føre i innstillinga.

Gaute Epland, Ap kom med følgjande framlegg:

"Stord kommunestyre gjev sin tilslutnad til at Hordaland fylkeskommune startar arbeid med regional plan for ferjesambandet Stord – Kvinnherad. Stord kommunestyre føreset at berre tre alternative ferjestø er

aktuelle på Stordsida: Jektevik, Skjersholmane og eit eventuelt nytt ferjestø i Djupavikjo. Planarbeidet skal elles gå føre seg slik det går fram i brev frå fylkesordføraren datert 15.02.2016."

Framlegget fekk 4 røyster (Ap og SV)

Saksprotokoll i Kommunestyret - 28.04.2016

Vedtak

Kommunestyret sluttar seg til at det vert gjennomført eit teknisk / økonomisk forprosjekt på Djupavikneset slik det er skissert i notat frå fylkesrådmannen datert 21.,04.16.

Som representantar i den politiske styringsgruppa oppnemner Stord kommune følgjande to personar:

Harry Herstad og Geir Angeltveit

Handsaming

Vedteke med 23 mot 12 røyster (H, Frp og Stordlisto)

Harry Herstad, AP kom med framlegg til vedtak slik det ligg føre.

Sverre Olav Svarstad, H hadde følgjande utsettingsframlegg:

Med bakgrunn i brev frå Hordaland Fylkeskommune dagsett 26.08.16 og registrert mottatt til kommunestyremøtehandsaming 28.04.16, vert saka utsett slik at administrasjonane skan koma med ny sak til kommunestyret

Framlegget fekk 12 røyster (H, Frp og Stordlisto)

Formannskapet si innstilling som fall:

1. Stord kommunestyre gjev sin tilslutnad til at Hordaland fylkeskommune startar arbeid med regional plan for ferjesambandet Stord – Kvinnherad slik det går fram av brev frå fylkesordføraren datert 15.02.2016.

Som representantar i den politiske styringsgruppa oppnemner Stord kommune følgjande to personar:

2. Kommunestyret vil understreka at Kverneset/Buneset og tilgrensande områder framleis er verdifulle LNF-områder, og kommunestyret anser desse som uaktuelle for eit evt. nytt ferjestø.

Ettersende dokument – Brev frå Hordaland fylkeskommune datert 26.04.16

Dokumentliste

S	11.03.2016		Ferjesamband Stord - Kvinnherad - Framlegg om utarbeiding av regional plan
I	15.01.2010	Hordaland Fylkeskommune	Tilleggsutgreiingar og avklaring av vidare planprosess
I	10.06.2010	Kjell Egil Sæbø, Fjelberg Bygdalag	Sambandet mellom Kvinnherad og Stord
I	12.01.2011	Engelsen Bygg as v Wilhelm Engelsen	Fegeleie - Brattestø Gnr. 39/6700g 693 - Delegasjon Vegvesen
U	14.01.2011	Engelsen Bygg as v Wilhelm Engelsen	SV: Ferjeleie - Brattestø Gnr. 39/670 og 693 - Delegasjon Vegvesen
U	14.03.2011	Statens vegvesen v/Erik Neergaard	Grunnundersøkelse - ferjeleiesaka
I	16.03.2011	Statens vegvesen, Region Vest	Varsling av grunneigarar om grunnundersøkingar
I	22.02.2012	Lars Hauge	Ferjestø - brev til ordførarane i Stord og Kvinnherad
I	25.02.2013	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Kommunedelplan for ferjesambandet Stord - Kvinnherad, tilleggsutgreiing (kopi av brev til Statens vegvesen)
I	11.03.2013	Statens vegvesen, Region Vest	Oversending av tilleggsrapport - ferjesambandet Stord - Kvinnherad
S	06.05.2013		Kommunedelplan for ferjesambandet Stord - Kvinnherad, tilleggsutgreiing
X	06.06.2013		Særutskrift - Kommunedelplan for ferjesambandet Stord - Kvinnherad, tilleggsutgreiing
U	25.06.2013	Bladet Sunnhordland	Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Fv 544 ferjesambandet Stord - Kvinnherad. Lokalisering av ferjeleie på Stord - tilleggsutgreiing av alternativ i Djupavik
U	25.06.2013	Adresseliste	Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Fv 544 ferjesambandet Stord - Kvinnherad. Lokalisering av ferjeleie på Stord - tilleggsutgreiing av alternativ i Djupavik
I	13.08.2013	Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal og samfunnsplanavdelinga	Offentleg ettersyn - Stord - kommunedelplanplan - lokalisering av nytt ferjeleie på Stord
I	13.08.2013	Ølen Betong	Vedr. fergesambandet Stord - Kvinnherad
I	13.08.2013	Ølen Betong	Tilleggsutgreiing fergesambandet Stord - Kvinnherad
I	26.08.2013	W. Engelsen Ettf.AS	Tilleggsutgreiing av alternativ Djupavik
I	26.08.2013	Hordaland fylkeskommune	KDP for Fv 544, tilleggsutgreiing av alternativ i Djupavik - forseinka fråsegn frå HFK
I	26.08.2013	Stord Næringsråd	Høyringsuttale tilleggsutgreiing ferjesambandet Kvinnherad - Stord
I	29.08.2013	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Fv 544 ferjesambandet Stord - Kvinnherad
I	11.11.2013	Kvinnherad kommune v rådmann Trond Sætereng	Lokalisering av ferjeleie på Stord - tilleggsutgreiing for alternativ i Djupavik
S	21.11.2013		Fråsegn Ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad - behandling av sak om ferjeleie
I	08.12.2013	Torunn Eikeland	Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Fv 544 ferjesamband Stord - Kvinnherad. Lokalisering av ferjeleie på Stord.
U	10.12.2013	Torunn Eikeland	Kvednaneset - utsetjing av saka
I	13.12.2013	Halsnøysambandet v styreleiar Ole Torbjørn Holmedal	Re: Kvednaneset-utsetjing av saka
I	17.12.2013	Hordaland Bondelag	Uttale til Stord kommune frå Halsnøysambandet
X	16.12.2013		Brev til Stord kommunestyre om nytt ferjeleie
I	17.12.2013	Arne Engevik, innbyggjar i Stord kommune, med rett til å meine...	Kommunestyret og mange tilhøyrarar
I	13.12.2013	Statens vegvesen v Signe Eikenes	Fergeleie kva skjer
I	18.12.2013	Aksjonsgruppa mot ferjeleie på Kvednaneset	VS: Sambandet Kvinnherad - Stord
			Nei til ferjeleie på Kvednaneset - 1420 underskrifter

I	11.12.2013	Ida Titlestad Sandvik	NEI til ferjeleie på Kvednaneset!
X	23.12.2013		Særutskrift - Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Fv 544 ferjesamband Stord - Kvinnherad. Lokalisering av ferjeleie på Stord.
I	18.03.2014	Torunn Eikeland	Spørsmål til ordføraren i Stord
U	25.03.2014	Torunn Eikeland	Viser til spørsmål sett fram som lesarinnlegg i avisa "kva skjer i saka om Kvednaneset?"
I	03.07.2014	Svein Hatlevik	Ny fergekai i Leirvik sentrum
U	06.02.2015	Hordaland fylkeskommune v samferdselsjef Håkon Rasmussen	Sambandet Kvinnherad - Stord - moglegeheitsstudie
I	23.02.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Ferjesamband Stord-Kvinnherad - Framlegg om utarbeiding av regional plan

Vedlegg

Ferjesamband Stord-Kvinnherad - Framlegg om utarbeiding av regional plan

Innleiing (bakgrunn for saka)

Kommunane Stord og Kvinnherad er i brev frå fylkesordføraren datert 15.02.2016 bedt om å handsama framlegg til opplegg for og å gje sin tilslutnad til oppstart av planarbeid for regional plan for ferjesambandet Stord – Kvinnherad.

I brevet frå fylkesordføraren til kommunane går det fram at det etter dialog mellom ordførarane i dei to kommunane og fylkesordføraren er framsett ønskje om eit regionalt planarbeid om innkorting av ferjesambandet mellom kommunane.

Brevet tek vidare for seg ferjesambandet og grunnar for at raskare og betre samband mellom kommunane er ei viktig sak for å styrkja både Leirvik og Husnes som regionale sentra i Hordaland, og kvifor det er ei viktig regional sak. Det er og vist til at eit innkorta samband vil gje Kvinnherad langt betre tilgang til E39 som sentral transportåre med på sikt ferjefritt samband frå Stord både mot Bergen og sørover.

Vidare tek brevet for seg aktuelle planformer og planprosessar, korleis planarbeidet er tenkt organisert og framdrift for planarbeidet.

Fylkesordføraren ber kommunane innan 29.april å handsama framlegget til opplegg slik det er skissert i brevet og å gje sin tilslutnad til oppstart av planarbeidet.

I brevet er det og bedt om at kommunen oppnemner to representantar til å vera med i ei politisk styringsgruppe.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Kommunedelplan for ferjesambandet Stord – Kvinnherad vart handsama av kommunestyret i møte 19.12.2013, sak 95/13. Kommunestyret gjorde slikt vedtak:

- 1) *Kommunestyret vedtek å avslutta arbeidet med kommunedelplan og at Skjersholmane inn til vidare vert oppretthalden som ferjeleie på Stordsida.*
- 2) *Kommunestyret ber om at Statens vegvesen utfører tilleggsutgreiingar for framtidige kryssingspunkt for ferjetrafikk mellom kommunane Stord og Kvinnherad basert på endeleg val av trase for ferjefri kyststamveg.*
- 3) *Kommunestyret ønskjer også å sjå spørsmålet i samanheng med planarbeidet for E39 over Stord med særleg vekt på trafikksikring og ein meir skånsam arealbruk for tilslutningsvegane knytt til dei ulike alternativ som vert fremja.*
- 4) *Kommunestyret ønskjer vidare ein dialog mot fylkeskommunen m.o.t. ein tidsplan for gjennomføring av prosjektet. Me ber fylkeskommunen vidare undersøka bruken av moderne,*

raskare og miljøvenlege ferjer, og sjå på synergieffektar saman med t.d. Rogaland fylkeskommune

- 5) *Ein legg til grunn at tilleggsvurderingane (1 og 2) vert lagt ut på høyring før endeleg handsaming.*

Det som er nytt i saka etter at kommunestyret gjorde vedtaket sitt er at det no vert gjort framlegg om ein regional plan som skal omfatta aktuelle ferjestøplasseringar i begge kommunane. Vidare er planane for ny E39 over Stord nærare avklart.

Ein regional plan etter Plan- og bygningslova § 8-1 slik det er gjort framlegg om er og eit overordna planarbeid på kommunedelplannivå, og må følgja dei same prosessreglane som ein kommunedelplan. Forskjellen er at det då er fylkeskommunen som er planmynde og som skal gjera endeleg vedtak. Kommunane vil vera høyringsinstans.

Planprosessen vil starta med oppstartsmelding med framlegg til planprogram. Framlegget til planprogram vil ha med kva ferjestølokaliseringar i begge kommunane som vil verta vurderte. Planprogrammet vil vidare gjera greie for føremålet med planarbeidet, kva utgreiingar som skal gjerast, korleis medverknad er tenkt lagt opp og vil gjera greie for planprosessen med fristar og deltakarar. Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn. Planprogrammet skal etter høyring og offentleg ettersyn fastsetjast av fylkeskommunen. I denne fasen av planprosessen kan det verta gjort ei siling av kva alternative ferjestølokaliseringar som skal utgreiast vidare.

Plan- og bygningslova § 8-3 slår fast at utarbeiding av planprogram for regional plan skal skje i samarbeid med berørte kommunar og statlege mynde.

Etter at planprogrammet er fastsett vert det utarbeidd framlegg til regional plan. Forslaget til plan vert så sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist minst seks veker. Dersom ein kommune som vert direkte berørt av planen har vesentlege innvendingar kan kommunen krevja at planen vert brakt inn for departementet (KMD).

Etter høyring og offentleg ettersyn der kommunane er høyringspart legg fylkeskommunen planen fram for vedtak i fylkestinget.

Fylkestinget gjer endeleg vedtak dersom ikkje statlege organ av omsyn til nasjonale eller statlege interesser eller ein kommune som vert direkte berørt av planen har sett fram krav om at planen vert brakt inn for departementet.

Vurdering

Rådmannen rår til at kommunestyret gjev sin tilslutnad til at fylkeskommunen kan starta arbeid med regional plan for ferjesambandet Stord – Kvinnherad.

Økonomiske konsekvensar

Ingen økonomiske konsekvensar for kommunen utover deltaking i styringsgruppe og planarbeidet.

Miljømessig konsekvens

Vil vera viktig tema i planarbeidet.

Folkehelse

Vil vera viktig tema i planarbeidet

Universell utforming

Vil vera viktig tema i planarbeidet

Beredskap

Vil vera viktig tema i planarbeidet.

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunestyret gjev sin tilslutnad til at Hordaland fylkeskommune startar arbeid med regional plan for ferjesambandet Stord-Kvinnherad slik det går fram av brevet frå fylkesordføraren datert 15.02.2016.